

## Uttalelse til høyring av områdeplan ved Lonena – saksnummer 2014/5177

Eg er innbyggjar i Knarvik, og bur sjølv i Orresteinen. Eg er tilflyttar og har etter ti år i denne bygda blitt glad i Knarvik, og har lært meg litt om korleis denne bygda har utvikla seg dei siste tiåra. Dei fleste eg snakkar med meiner at Knarvik i desse tiåra utvikla seg altfor fort, og utan ein heilskapeleg plan – og at Knarvik difor framstår som ei rotete bygd med fleire dårlege løysingar i infrastrukturen. Eg ønsker at dei som vil busetje seg i Knarvik skal få moglegheit til det, men meiner at det nok ein gong ser ut til å gå for fort i svingane når Knarvik skal utviklast. No er ein i ferd med å gå i gang med utbygging av Lonene, før sentrumsplanen og regionale planar for nye Alver Kommune er fastsette – og etter mitt syn er dette eit stort feilskjær som eg fryktar får irreversible konsekvensar. Eg håpar at politikarane i Lindås Kommune tør å sette bremsene på og skunde seg sakte.

I forhold til planen som ligg ute på høyring no vil eg trekke fram nokre punkt som eg meiner er særskilt viktige.

- **Vedrørende Konsekvensutgreiing om friluftsliv, punkt 5.3.** På framsida av denne konsekvensutgreiinga er det nytta eit bilete av eibarnehagegruppe som er på tur i Brekkeløypa. I Barnetråkket som er omtalt i same konsekvensutgreiing vert det vist til at det er gjennomført av enkelte skuleklassar. Eg stiller spørsmål ved om utgreiinga har registrert barnehagebarna sin bruk av Brekkeløypa og stinettet i Lonena forøvrig? I spørreundersøkinga ( spørsmål 13) er det og kun spurt om området verdier for barn frå 6 år og oppover, noko som også syner eit manglande fokus på ei stor brukargruppe. Før ei eventuell vidare detaljregulering av området bør kommunen og utbyggjar ha eit klarare bilete av korleis den gruppa nyttar området, slik at dette kan takast med i berekninga. Rapporten frå barnetråkket er ikkje publisert, den bør publiserast saman med ei ytterlegare kartlegging av barnetråkk for barn under 6 år.
- **Vedrørende Konsekvensutgreiing om friluftsliv , punkt 6.2:** Her er dei fire alternativa omtalt. Eg stiller meg undrande til at alternativ 0 ( null utbygging) ikkje kommenterer verdien av at det ikkje vert utbygd noko, og at dette alternativet ikkje ser ut til å ha fått noko reell utgreiing. Dei tre andre alternativa blir vurdert og omtala med sine positive/negative sider, medan 0-alternativet er omtalt med følgjande tre setningar: *Alternativ 0 tilsvarar i grove trekk dagens situasjon. Det finst ikkje vedtekne planar som vil påverke tilhøva innanfor planområdet for Lonena. Samla, for alle fire delområde, vil alternativ 0 med omsyn på tema friluftsliv ha intet omfang.* Dette framstår som lite truverdig, og eg meiner at 0-alternativet bør få ei større utgreiing enn det som er gjort hittil, både med omsyn til friluftsliv og anna.
- **Vedrørende 'Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2019-2023', punkt 3.2 om meir vekt på regionale løysingar.** I denne planen står det skrive følgjande: *Regjeringen understreker betydningen av regionale og interkommunale samfunns- og arealplaner for å avklare spørsmål som går på tvers av kommunegrensar. Planene kan sikre at tilstrekkelig areal blir avsatt til boligbygging, bidra til sosialt bærekraftige samfunn, og motvirke et utbyggingsmønster som gir press på verdifulle arealer.* Eg er positiv til bustadbygging i Knarvik, men meiner ein må sjå behovet i eit større regionalt perspektiv, og å la Alver Kommune få høve til å bestemem kva som er behovet for den nye kommunen. Dersom Lindås Kommune no vil bygge ut Lonena, eit av våre mest verdifulle areal for god folkehelse, så meiner eg ein startar i feil ende. Dei verdiane som Lonena mister ved ei utbygging får ein aldri att, og eit kappløp mot tida fram mot kommunesamanslåing verkar å

vere i mot hensikta beskrive under dette punktet, og etter mi meining bør avgjerda om denne utbygginga utsettjast slik at den blir del av regional planlegging.

(<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonal-e-forventninger-2019-bm.pdf>) ( Sjå side 22) .

Kanskje vert det i framtida riktig å byggje ut med fleire bustadar i Lonene, men eg håpar ein kan avvente dette, slik at ein kan føle seg sikrare på at ein gjer det rette ved ei eventuell utbygging. Våg å vente!

Mvh Birthe Kråkenes Bjørstad